



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 45/16

Møtedato: 06.09.2016

Dato: 25.08.2016

Arkivsaksnr: 2016/4486-

ANNHFE

Orientering om den økonomiske situasjonen ved Institutt for fremmedspråk

Dokumenter i saken (vedlegg)

- Orientering om den økonomiske situasjonen ved Institutt for fremmedspråk 2016

Bakgrunn

Institutt for fremmedspråk (IF) varslet tidlig i 2016 at instituttet ville kunne overskride driftsrammene betydelig dette året. Fakultetsstyret har bedt om en redegjørelse for økonomien ved IF og i regnskapsrapporten for april 2016 lovet vi derfor å legge fram en sak om den økonomiske situasjonen ved instituttet tidlig i høstsemesteret. Instituttet selv har laget en grundig oversikt over utfordringene instituttet står overfor og ber om at fakultetet sanerer noe av det oppsamlede underskuddet.

Instituttets økonomiske situasjon

Regnskapssaken etter juli 2016 viser at forbruket ved instituttet IF ligger under budsjett med 200 000 etter sosiale kostnader. Prognosen for året som helhet er basert på regnskap hittil i år og at kostnader og inntekter er på samme nivå som i 2015 for resten av året. For året som helhet er prognosen et overforbruk på ca. 350 000 etter at sosiale kostnader er trukket fra. Den store forbedringen i forventet underskudd skyldes blant annet at instituttet allerede i årets første 7 måneder har redusert lønnskostnadene på instituttnivå med over 1,3 millioner og driftskostnadene med over 0,5 millioner, sammenlignet med samme periode i fjor. I tillegg forventer vi at instituttet får noe høyere inntekter fra eksternfinansierte prosjekter enn tidligere år.

Instituttets tildelinger består i stor grad av øremerkede midler, mens behovet for finansiering først og fremst er på ordinær drift (annuum). Prognosen består av et forventet overforbruk på ordinær drift på ca. 850 000 kr, mens det på øremerkede prosjekter forventes en rest på ca. 500 000 kr, til sammen et overforbruk på 350 000 kr.

Fakultetsledelsens budsjettvurderinger

Institutt for fremmedspråk har gjort et stort arbeid med å tilpasse kostnadene til de reduserte driftsbudsjettene. Selv om prognosen ser ut til å bli vesentlig bedre enn tidligere rapportert, viser instituttets orientering at innsparingen har konsekvenser i form av store overskudd på undervisningsregnskapet. Instituttet må fortsette arbeidet med å dimensjonere undervisningstilbudet til faste stillingsressurser. Fakultetsledelsen har likevel forståelse for at IF har særlige utfordringer på grunn av de mange små fagene med få ansatte og flere disipliner, noe som blant annet krever bruk av vikarer ved forskningstermin. Inntil videre har fakultetet begrenset økonomisk spillerom, og kan derfor ikke tilføre instituttet mer driftsmidler i inneværende år. I forbindelse med budsjettfordelingen i desember vil vi be fakultetsstyret vurdere om instituttet skal slippe å starte 2017 med et underskudd. Før budsjettfordelingssaken legges frem for fakultetsstyret i desember vil vi også legge frem en sak for fakultetsstyret der vi foreslår en endring av modell for fordeling av driftsbudsjettene til grunnenhetene, slik at budsjettene blir gitt med en basisdel og en resultatdel, ikke bare basert på resultater som i dag.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tar den økonomiske situasjonen til Institutt for fremmedspråk til orientering.

I forbindelse med budsjettfordelingssaken i desember vil fakultetsstyret ta stilling til hvorvidt instituttet skal slippe å dra med seg underskuddet inn i 2017.

Margareth Hagen
dekan

Trine Moe
fakultetsdirektør



Det humanistiske fakultet

Referanse

2016/8575-ARUT

Dato

18.08.2016

Orientering om den økonomiske situasjonen ved Institutt for framandspråk 2016

Fakultetet har varslet at den økonomiske stoda ved Institutt for framandspråk (IF) skal opp som eiga sak i septembermøtet i fakultetsstyret. Instituttet sender med dette over notatet *Driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk* og vonar det vil vera til nytte i arbeidet med saka om IF-økonomien.

Venleg helsing

Åse Johnsen
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for framandspråk
Telefon

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
HF-bygget, Sydnesplassen
7
Bergen

Sakshandsamar
Arve Kjell Uthaug
55582281

Driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk

notat 18. august 2016

(1) Oppsummering


Driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk har dei siste to, tre åra hatt ei negativ utvikling. Sjølv om sluttresultatet i 2015 så vidt gjekk i balanse, var dei bundne midlane som måtte overførast til neste år større enn det formelle overskotet. Reknar ein med desse bundne midlane, gjekk instituttet inn i 2016 med eit *reelt underskot* på over ein million kroner ([instituttrådet 24. februar 2016, sak 4](#)). I 2016 vil driftsrekneskapen enda opp med eit formelt underskot. Og om vi legg saman dette underskotet med dei bundne løyvingane som må overførast til 2017, vil instituttet gå ut av 2016 med eit stort reelt underskot. Instituttet vedtok i starten av året eit budsjett der dette reelle underskotet vart anslått til to millionar kroner ([instituttrådet 24. februar 2016, sak 4](#)). Med dei sterkt reduserte løyvingane instituttet får, den bortimot uendra emneporteføljen, svikten i tilstrøyminga av studentar til Nettspansk og overføringa av endå større del av dei sosiale kostnadene til instituttet, er det heilt urealistisk å få til balanse i driftsbudsjettet.

(2) Årsaker

Enkelt sagt har instituttet hatt ein nedgang i inntektene, utan at utgiftene er redusert like mykje.

A. Reduserte Inntekter

Kjernen i driftsbudsjetta til institutta er den resultatbaserte løyvinga. Denne løyvinga varierer som kjent med resultatet instituttet kan visa til innan utdanning og forskning, men òg med storleiken på den totale potten fakultetet har til fordeling. Den resultatbaserte tildelinga til Institutt for framandspråk er blitt nesten halvert den siste femårsperioden frå 5.2 millionar i 2012 til 2.8 millionar i år, slik tabellen til høgre viser. På grunn av løns- og prisveksten i denne perioden, er den reelle reduksjonen endå større.



TABELL 1. Kjelde: Budsjettarka frå fakultetet for åra 2012-2016.

I tillegg til den resultatbaserte løyvinga får instituttet kvart år også andre tildelingar til driftsbudsjettet. Mykje av dette er øyremerkte midlar og kan derfor ikkje brukast fritt til å dekkja vikarbruken ved instituttet (t.d. smådriftsmidlar, midlar til programsensorar, driftsmidlar til stipendiatane og diverse interne prosjekt). Andre løyvingar er gitt spesifikt som kompensasjon for vakansar, sjukefråvær, permisjonar, spesielle verv o.a. Desse kan sjølv sagt brukast til å henta inn vikarar. Men i det siste har fakultetet på grunn av den vanskelege økonomien stramma inn på desse kompensasjonsløyvingane.

I tillegg har fakultetet i 2016 for første gong ikkje sett av pengar på fakultetet til sosiale kostnader. Alt er delt ut til driftsbudsjetta ved institutta. Tidlegare har fakultetet delt resultatløyvinga med 70 prosent til drift og 30 prosent til løn. For den 30-prosenten som vart gitt til løn, dekkja fakultetet dei sosiale kostnadene, og så har institutta sjølve måtta dekkja dei sosiale kostnadene for lønsutgifter ut over dette. IF brukar som kjent mesteparten av driftsbudsjettet til løn og honorar (sjå tabell 3). Instituttet må dermed bruka store summar til å dekkja sosiale kostnader knytte til vikarar o.a.


Ein tilleggsfaktor som har ramma instituttøkonomien frå hausten 2014 og framover, er svikten i rekrutteringa til Nettpansk (sjå notat til fakultetet 10. august 2015, ePhorte 15/10858). Vidareutdanninga på spansk er finansiert gjennom studentbetaling, og har trekt til seg store studentgrupper sidan starten i 2002. Gjennom mange år gjekk tilbodet med solid overskot, som har kome instituttet til gode. Undervisninga vert gitt av lærarar som er i faste deltidsstillingar, dvs. seks personar med til saman 140 prosent stilling. I tillegg til dette må inntektene frå Nettpansk frå og med hausten 2014 finansiera 45 prosent av ei administrativ stilling knytt til vidareutdanninga ved dei to institutta LLE og IF. Dette siste er ein konsekvens av at administrative oppgåver vart dytta «nedover» i UiB-systemet då gamle SEVU vart avløyst av det nye EVU-kontoret. I 2015 gjekk derfor vidareutdanninga på spansk for første gong i minus (over 300 000 kroner pluss sosiale kostnader), og dette vil halda fram i 2016. Inntektssvikten var så alvorleg at fakultetet og instituttet måtte vurdere å seia opp tilsette på Nettpansk. Når dette likevel ikkje vart gjort, heng det saman med at instituttet fekk tilslag på ein søknad til Utdanningsdirektoratet om å utvikla nettbasert lærarutdanning i spansk innanfor «Kompetanse for kvalitet». Instituttet og lærarane arbeider derfor med å tilpassa Nettpansk til den nye ramma, som vil få solid driftsfinansiering frå hausten 2017 og nokre år framover. Vidareutdanninga på spansk er med andre ord inne i ein lovande omstillingsfase med utsikter til pluss i rekneskapen frå og med det akademiske året 2017/18.

Inntektene til driftsbudsjettet ved IF er kraftig reduserte på grunn av fallande resultatinntekter, reduksjonar i andre løyvingar og sviktande inntekter frå vidareutdanninga.

B. Løn og honorar er den store utgiftsposten


Undervisningsoppgåvene instituttet er forplikta til, er ikkje blitt reduserte i takt med kutta i løyvingar og inntekter. Institutt for framandspråk skil seg ut fordi vi, samanlikna med andre HF-institutt, brukar ein langt større del av driftsbudsjettet til ulike typar løn og honorar.

Utgiftspostane her er (sjå tabell 2): vikarar og diverse løn, løn til fast tilsette lærarar på Nettpansk,



Tabell 2 viser utgiftene til ulike typar løn og honorar som vart dekkja over driftsbudsjettet til Institutt for framandspråk i 2015. Kronesummane står i sjølve diagrammet. Kjelde: rekneskapsrapportar frå HF-fakultetet.

eksamenssensur, toarstillingar og programsensorar. I tillegg kom nesten 800 000 kroner i sosiale kostnader belasta driftsbudsjettet ved instituttet. Ei samanlikning fakultetet har gjort av dei ulike institutta, viser at IF dei siste tre åra har brukt over 70 prosent av driftsbudsjettet til honorar og løn, og dette er langt høgare enn dei andre institutta (tabell 3).




TABELL 3: Frå presentasjon gitt av seksjonssjef Annhild Fetveit på utvida instituttleiarmøte 18. januar 2016. Tabellen har tittelen **Vikarbruk siste 3 år i % av totalbudsjettet per institutt**. Tittelen er litt upresis sidan søylene ikkje berre viser utgiftene til vikarbruk, men til all løn og honorar dekkja av driftsbudsjetta ved institutt og senter.

Utgiftene til sosiale kostnader dekkja av instituttet kjem her i tillegg til desse 70 prosentane, og gjer at dei lønsrelaterte kostnadene dekkja av instituttet blir endå større.

C. Kvifor brukar IF så mykje til løn og honorar?

Faga ved instituttet er undervisningskrevjande fordi studentane skal få opplæring og trening i praktisk bruk av språket i tillegg til akademisk skulering i disiplinær som språk, litteratur, kulturkunnskap og fagdidaktikk. Dei fleste faga ved instituttet tilbyr undervisning i tre eller fire av desse disiplinane (engelsk, fransk, italiensk, spansk og tysk). Resten av faga har to eller éin disiplin. Nokre av faga våre er dessutan særskild undervisningskrevjande sidan studentane må læra eit nytt alfabet, med



TABELL 4: Fast vitenskapleg tilsette på dei ulike faga ved IF hausten 2016. Dei fast tilsette på spansk vidareutdanning (Nettspansk) er ikkje inkluderte i dette oversynet sidan dei ikkje underviser på det ordinære tilbodet. Kinesisk har berre éi stilling hausten 2016, men vil ha to frå januar 2017. Japansk og kinesisk tilbyr pr. i dag berre bachelorstudium, og kinesisk har berre opptak annakvart år.

ukjente teikn og uvant lydinventar – og undervisninga må leggja til grunn at studentane tek til på faget utan forkunnskapar.

Som tabell 4 viser, er dei vitskapleg tilsette ved IF spreidde tynt utover mange fag. Sju av faga har frå éi til fem faste stillingar. Den låge bemanninga kombinert med det store undervisningsbehovet gjer at dei fleste faga ikkje kan greia seg utan vikarar når tilsette har forskingstermin, tek på seg tunge administrative verv, blir sjukmelde eller er i permisjon. Vitskapleg tilsette ved IF har, som andre i liknande stillingar, rett og plikt til å forska, og dette inkluderer rett til forskingsterminar etter ordinær oppteningstid.


I ettertpåkløkskapens lys burde instituttet ha stramma inn raskare då den økonomiske situasjonen tok til å snu for nokre år sidan. Men det er fleire år sidan, og dei siste åra har instituttet stramma inn og kutta i utgiftene (sjå 3B). Trass i innsparingane som er gjorde, kjem vi ikkje bort frå den store strukturelle utfordringa i krysningspunktet mellom omfattande undervisningsbehov og få tilsette på faga. I realiteten er fleire av faga våre underbemanna. Dei treng fleire tilsette om instituttet skal oppfylle studieplanane og samstundes gje forskarane tid til å driva forskning og formidling – utan å kompensera gjennom omfattande bruk av vikarar. Sett i lys av det store undervisningsbehovet på språkfag generelt, og særleg på dei såkalla fjerne framandspråka, er det òg urimeleg at Institutt for framandspråk er det HF-instituttet som har flest studentar pr. fagleg årsverk (sjå tabell 5).

D. Spriket mellom behov og ressursar

Det store spriket mellom undervisningsressursar og undervisningsbehov kjem tydeleg fram i tabell 6 under. Denne tabellen viser situasjonen i 2015. Dei blå kolonnane viser timeoverskotet dei fast tilsette på faga våre samla opp i undervisnings- og administrasjonsrekneskapen gjennom vår- og haustsemesteret i 2015. Oppsamla overskot frå tidlegare år er ikkje inkludert her, tabellen viser berre «ferske» timar samla opp gjennom dei to semestera i

2015. Alle faga utanom arabisk samla opp plusstimar. Tala i desse kolonnane er ikkje dramatiske for alle faga om ein ser på gjennomsnittet for kvar tilsett. På spansk samla dei tilsette i gjennomsnitt opp vel førti timar i plusstid over desse to semestera, på russisk i overkant av femti timar. Ser ein derimot på japansk, samla kvar fast tilsett i gjennomsnitt opp 392 plusstimar gjennom kalenderåret 2015. Som kjent svarar 381 timar til den reine undervisningsdelen i ei førstestilling i eitt semester (46 prosent av stillinga). Andre fag som italiensk og tysk ligg òg høgt.

Dei oransje kolonnane viser dei timane som måtte dekkast gjennom vikarar og andre innleigde i undervisninga i 2015. Engelskfaget kjem svært høgt ut her. Mesteparten av vikartimane på dette faget var knytte til disiplinen fagdidaktikk. I tillegg hadde faget eit par toarstillingar og ein vikar knytt



Tabell 5. Kjelde: [DBH](#).

til eit forskingsfrikjøp; alle desse tilsetjingane vart avslutta ved inngangen til 2016. Andre fag har òg mange innleigde vikartimar.

Det kan alltid innvendast at det finst ingen «gullstandard» som slår fast kor mange undervisningstimar det bør vera på eit fag. Fakultetet har inga norm som slår fast kor mykje undervisning kvart emne skal ha. Har vi for mykje undervisning på emna ved IF? Igjen, eit spørsmål om for lite eller for mykje kan ikkje få eit presist svar utan at det blir definert ei norm. Erfaringa vår er likevel at mange av emna ved IF burde hatt *fleire* undervisningstimar når studentane både skal læra seg språket og samstundes ta til seg ei akademisk utdanning. Tabell 4 viser dessutan at dei fleste faga ved IF har svært få tilsette, og det er rimeleg opplagt at undervisningsintensive fag med få tilsette er ei ressursmessig utfordring. I same retning peikar DBH-statistikken som viser at IF er det instituttet som har flest studentar til kvart fagleg årsverk (tabell 5). Sjølv om fleire av faga og emna har relativt få studentar, lettar ikkje dette undervisningsbøra så mykje når størstedelen av undervisninga er studenttalsuavhengig.

Som oppsettet nedanfor viser, samla dei fast tilsette ved IF opp nesten 3 000 timar plusstid gjennom dei to semestera i 2015. I tillegg var den samla timebruken til vikarar, toarstillingar og andre innleigde i underkant av 10 000 timar. Slår ein saman desse timane, ser ein at når dei fast tilsette hadde oppfylt den normale undervisningsplikta si, sto det att 12 669 timar som anten vart gjevne av vikarar og andre innleigde, eller gjennom at fast tilsette underviste meir enn norma. Dette – dvs. 12 669 timar - svarar til den årlege undervisnings- og administrasjonsplikta i nesten fjorten førstestillingar.

Ekstra timebruk til undervisning ved IF i 2015								
Tilsette		Plusstimar fast tilsette			Vikartimar			Til saman
		V15	H15	Heile 2015	V15	H15	Heile 2015	Heile 2015
Arabisk	3	-137	-157	-294	0	96	96	-198
Engelsk	13	135	738	873	1935	1957	3892	4765
Fransk	4 (5)	212	42	254	290	461	751	1005
Italiensk	2	114	341	455	699	312	1011	1466
Japansk	2	482	301	783	190	170	360	1143
Russisk	4	72	137	209	609	348	957	1166
Spansk	6	237	9	246	96	350	446	692
Tysk	4	239	108	347	1224	170	1394	1741
Tverrfaglege emne	0				291	598	889	889
Alle faga		1354	1519	2873	5334	4462	9796	12669

Tabell 6: Dei blå kolonnane viser overskotet som vart samla opp i undervisnings- og administrasjonsrekneskapen (arbeidstidsrekneskapen) til dei fast tilsette ved IF våren og hausten 2015. Kolonnen heilt til venstre viser kor mange fast tilsette som er inkluderte under kvart fag (dette talet vil for nokre av faga vera litt lågare enn talet på fast tilsette totalt). Dei oransje kolonnane viser timebruken til innleigde vikarar, toarstillingar o.a. i undervisninga ved instituttet. Kolonnen heilt til høgre summerer opp plusstimar ved fast tilsette og vikartimar.

Stipendiatane og deira pliktarbeid er halde utanfor oversynet. Det same gjeld sendelærarane på tysk (DAAD) og engelsk (Fulbright). Dei fast tilsette på Nettspansk er òg haldne utanfor sidan dei ikkje underviser på det ordinære kurstillbodet.

Vikaren for instituttleiar og vikaren for dekanen er inkluderte i oversynet for *dei fast tilsette* over (blå kolonnar) sidan dei er tilsette i langvarige fulltidsvikariat dekkja direkte av fakultetet.

Kinesisk er ikkje med i oversynet sidan registreringa i undervisnings- og administrasjonsrekneskapen starta først hausten 2015 på dette faget.

(3) Oppfølging


A. orientering om situasjonen

Instituttet har dei siste to åra jamleg orientert instituttrådet om den vanskelege økonomiske stoda (24.9.14 sak 3, 18.2.15 sak 4, 25.3.15 sak 3a, 28.5.15 sak 3b, 2.9.15 sak 4, 2.12.15 sak 4, 10.2.16 sak 5, 24.2.16 sak 4 og 8.6.16 sak 4), presentert situasjonen i allmøte ved instituttet (29.1.2015) og sendt ut e-post til alle ved instituttet (15.9.15). Fakultetet er blitt orientert gjennom brev 10.3.2015 (eP 15/3186), e-postar (m.a. 18.3.15 og 19.6.15) og møte (m.a. 5.5.2014 og 13.3.15). Dei årlege budsjettbrev fra instituttet til fakultetet har peikt tydeleg på problema både i 2014 (eP 14/5352), 2015 (eP 15/5827) og 2016 (eP 16/4965).

B. Gjennomførte sparetiltak

Instituttet har sett i verk fleire konkrete sparetiltak for å møte dei økonomiske utfordringane. Det overordna har vore å styra utgiftene til løn og honorar så stramt som råd sidan det er her dei store utgiftene ligg. Derfor har vi prøvd å halda nede utgiftene til vikarar, så langt det har vore forsvarleg. Elles har instituttet sett i verk følgjande konkrete sparetiltak (vedtakstidspunkt i parentes):

- Kartlegging av ressursbruken til undervisning og eksamen ved instituttet (instituttrådet 18. februar 2015 sak 4)
- Finansieringa av dei to faste lektorstillingane på russisk er overført frå instituttet til fakultetet frå og med 2015 (til saman 50 prosent stilling).
- Engelsk og spansk må normalt greia seg utan vikarar ved forskingsterminar og vakansar, med unntak av engelsk fagdidaktikk (instituttrådet 18. februar 2015 sak 4 og 2. september 2015 sak 4)
- Tre av fire toarstillingar ved instituttet er blitt fasa ut (instituttrådet 18. februar 2015 sak 4)
- Vidareutdanninga på tysk er lagd på is (instituttrådet 2. september 2015 sak 4)
- Det nye emnet i Brasilkunnskap med portugisisk språk BRA101 er lagt på is (instituttrådet 2. september 2015 sak 4)
- Instituttet sette ikkje av midlar frå



Tabell 7 viser dei samla utgiftene til løn, honorar o.l. ført på 5000-artane i driftsbudsjettet ved Institutt for framandspråk (oransje søyler). Dei blå søylene viser totalforbruket i driftsbudsjettet. Kjelde: rekneskapsrapportar frå HF-fakultetet.


driftsbudsjettet til forskings- og publiseringssøtte i 2016 (instituttet 2. september 2015 sak 4)

- Instituttet gjev ikkje økonomisk støtte til langvarige utanlandsopphald for stipendiatar i 2016 (instituttet 2. september 2015 sak 4)
- Instituttet har lagt ned emnet TOLKHF (instituttet 2. september 2015 sak 4)
- Instituttet har lagt ned emnet TRANSHF
- Instituttet reduserer støttesummen til gjesteforelesarar for 2016 (instituttet 2. september 2015 sak 4)
- Instituttet arbeider med å redusera bruken av eksterne sensorar for å få ned utgiftene (drøfta i instituttet 10. februar 2016, sak 5)
- instituttet tek ikkje opp studentar til PPU i italiensk hausten 2016, og tilbodet er lagt på is fram til ressursituasjonen betrar seg
- SAK-samarbeidet har ført til redusert ressursbruk til undervisninga på fransk og tysk
- Instituttet 24. februar 2010 vedtok fleire sparetiltak for 2010-budsjettet (sak 4). Eitt av desse er blitt ei varig ordning, nemleg pålegget om at sensurmøte og munnlegeksamener skal gjennomførast via telefon og videokonferanse. Reise og opphald blir berre dekkja i heilt særskilte tilfelle, og etter søknad til administrasjonssjefen. Dette tiltaket sparar instituttbudsjetten for fleire titusen i året.

SAK-samarbeidet og fjerninga av sensurreiser vart innførte før dei økonomiske problema dei siste par åra. Men desse to tiltaka har ført til permanente innsparingar i ressursbruken, som vi framleis nyt godt av, og dei er derfor tekne med her.

Når instituttet budsjetterer med underskot i driftsbudsjettet, viser det at vi likevel ikkje har greidd å spara nok

til å få budsjettet i balanse. Vi ser heller ikkje korleis vi skal *kunna* få dette til med dagens reduserte løyvingar og dei bortimot uendra undervisnings-forpliktingane. Samstundes er det klart at utgiftssida i driftsbudsjettet er redusert dei siste åra: 12.2 millionar i 2011, 13.8 i 2012, 7.4 i 2013, 7.2 i 2014 og 6.6 i 2015. Sameleis er det ein reduksjon i utgiftene til løn, honorar og liknande ved instituttet, slik det går fram av tabellane 7 og 8. Her vil eg likevel åtvara mot å bruka desse tala ukritisk. Dei er ikkje lette å samanlikna frå år til år utan å bryta ned tala og analysa dei meir inngåande for kvart år. Her er det fleire feilkjelder. Ei av dei er at praksisen i denne perioden ikkje har vore konsekvent når det



Tabell 8 viser lønnskostnadene i driftsbudsjettet ved dei ulike institutta ved HF dei tre siste åra. NB: Den grønne søyla er det første året (2013), den blå det siste året (2015). Kjelde: presentasjon gitt av seksjonssjef Annhild Fetveit på utvida instituttleiarmøte 18. januar 2016.

gjeld i kva grad vikarmidlar er blitt overførte til instituttet, som så har engasjert vikarar, eller om vikaren er blitt tilsett direkte ved fakultetet. Det er likevel ingen tvil om at det har vore ein tydeleg reduksjon i utgifter ved instituttet dei siste tre åra (2013-2015).

C. Veggen vidare

Institutt for framandspråk er underfinansiert. I utgangspunktet er hovudproblemet at faga har for få fast tilsette til å greia naturlege svingingar som følgjer av m.a. forskningsterminar, utan å bruka vikarar. Denne underbemanninga fører til at det meste av driftsbudsjettet ved instituttet går med til å dekkja utgifter til løn og honorar (sjå tabell 3). I ein situasjon der løyvingane til driftsbudsjettet vert kraftig reduserte, greier ikkje instituttet å følgja opp undervisningspliktene utan å byggja opp eit underskot i driftsrekneskapen.

Vi har prøvd å møte denne situasjonen gjennom innsparingar som reduserer utgiftene. Utgiftene er kutta, men ikkje nok til å gje balanse i rekneskapen. Ein viktig faktor framover vil vera HF2018, men vi kjenner ikkje i dag dei eventuelle følgjene dette prosjektet vil få for ressursbehovet og ressursbruken i undervisninga på faga våre. Og konsekvensane er uansett to, tre år fram i tid. Vidare er det gledeleg at fakultetet arbeider for å endra finansieringskategoriane for framandspråka. Men her òg er resultatet usikkert, og i beste fall vil vi kunna hausta fruktene om nokre år.

I denne situasjonen vil vi be om at fakultetet sanerer noko av det oppsamla underskotet i driftsbudsjettet ved IF. Vi meiner òg at det trengst ei omfordeling i favør av driftsbudsjettet ved IF dersom instituttet skal vera i stand til å gje forsvarleg undervisning på dei ni faga våre framover. På litt sikt er likevel det viktigaste tiltaket å sikra ei tilstrekkeleg bemanning av fast tilsette på faga og disiplinane ved instituttet. Her er det eit skrikande behov på nokre fag (t.d. japansk) og disiplinar (t.d. engelsk fagdidaktikk). Før dette blir retta opp, vil ikkje instituttet greia å redusera den delen av driftsbudsjettet som går til løn og honorar stort meir enn det vi allereie har gjort. Alternativet er at undervisningsforventningane til instituttet blir reduserte gjennom nedlegging av fag eller avvikling av disiplinar/undervisningstilbod. Dette siste er ei utvikling instituttet ikkje ønskjer, og som heller ikkje vil møte utfordringane i samfunnet på ein god måte.

Arve Kjell Uthaug,

18. august 2016